



Mowlid og Mohamed var imponert over dei høge fjella. Her med Ulvanåso i bakgrunnen.

For vel ein måned sidan fekk Uskedalen tre nye innbyggjarar. Tre unge gutar på rundt 20 år fra Somalia flytta inn i leileghet på Beinavikjo. Dei kjem frå houdstaden i Somalia, Mogadishu, og har flykta frå utrygge kår i den afrikanske millionbyen til eit trygt liv i vesle Uskedalen. Vegen hit har tatt si tid.



Dei 3 unggutane frå Somalia ønskjer eit aktivt liv i Kvinnherad.

Mohamed(20 år), Ali(21) og Mowlid(20) er no i gang med å læra meir norsk på vaksenopplæringa på Husnes. Dei to førstnemnde snakkar allereie godt norsk. Mohammed har hatt norskopplæring dei to åra han har vore på mottak i Sandnes, medan Ali har lært norsk i 8 månader medan han var på mottak 1 år og 4 månader på Jæren. Mowlid kjem også frå Sandnes mottak der han budde 1 år og 8 månader, men han har berre lært det nye språket i 4 månader. Noko av grunnen til dette er at han var ute for ei stygg sykkelulukke som medførte sjukehusopphald. Alle tre er svært motiverte og lærevillige!

Til no har stort sett livet i Uskedalen dreia seg om skule, ein tur på butikken og livet i leiligheten. Derfor avtala uskedalen.no ein biltur med omvisning for dei samstundes som vi hadde ein prat med dei med tanke på ein artikkel på nettsida. Fleire av dei kjende til uskedalen.no.

Ali var ikkje heime denne laurdagen. Den ivrige fotballspelaren var i Odda og spelte fotball med somaliske, norske og eritreiske venner.

Då eg møtte Mohamed og Mowlid på Vikjo, var noko av det aller første Mohamed fortalde om den snille nabodama som hadde kome med eit stort julebrød til dei dagen før. Det glade ansiktet fortalde mykje meir enn mange tusen ord kor mykje dei sette pris på det!

Turen vår gjekk opp Uskdalen, og dei to let seg imponera av dei høge fjella, og var overraska over kor stor Uskedalen var. Eg viste mellom anna utgangspunkt for turløyper, og begge hadde lyst på turar til fjells til sommaren.

Då eg spurde om korleis dei hadde det i Uskdalen, det var berre positivt høyra. Dei hadde fin leilighet, kort veg til butikk og busstopp, snille naboar, og så var dei begeistra for utsikten. Einaste var nok at det skein gjennom at dei ønskte eit meir aktivt liv slik dei hadde i Sandnes. Det rekna dei med skulle koma etter kvart. Etter samtalen var det naturleg å visa både Heio, kunstgrasbanen, styrkerommet og aktivitetshuset. Det som føregjekk alle desse plassene var av stor interesse, og dei håpa å koma i gang med trening så fort som mogeleg.

Symjing likte dei og. Dermed måtte eg jo visa kor bassenga i Rosendal og på Husnes var. Dei fann ut at det ville vera lettast for dei å bruka bassenget på Husnes sidan månadskortet på bussen til 935,-kr berre galt for reiser mellom Uskedalen og Husnes.

Det er tydeleg at det er tre aktive og positive ungdommar som er komne til bygda. Dei har lyst til å koma i gang med aktivitetar. Ali og Mowlid er dei to som er mest interessert i fotball. Førstnemnde spelte til og med

seriefotball for Nærbø då han budde der på mottak. Noko anna dei har lyst til å koma fort i gang med, er trening i treningsrommet. Eg håpar dei vert trekt med i aktivitetslivet, men alle skal vita at dei tre høflege ungutane også set pris på eit vennleg smil og ein liten samtale.

Før dei takka for turen nemnde Mohamed igjen den snille nabodama som kom med julebrød.



[Då vi stoppa ved skulen måtte dei ned i stranda og ta bilete.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.